

**SAKSFRAMLEGG**

<b>Sakshandsamar:</b> Boge, Jan Erik	<b>Arkivkode:</b> FE - 033, TI - &16
<b>Arkivsaksnr:</b> 16/834	<b>Løpenr:</b> 18/3597
<b>Sakstype:</b> Politisk sak	

**SAKSGANG**

<b>Styre, utval, komité m.m.</b>	<b>Møtedato</b>	<b>Saksnr</b>
Kommunestyret	26.04.2018	015/2018

**Søknad om fritak frå kommunale verv****Anja Marken****26.04.2018 Kommunestyret:**

Handsaming i møtet:

Anja Marken (Mdg) bad om å få gildskapen sin vurdert. Ho gjekk frå medan kommunestyret vurderte gildskapen hennar. Ho vart framleis funnen gild og deltok derfor under handsaminga av saka.

Rådmannen sitt framlegg til vedtak vart samråystes vedteke.

**KS- 015/2018 Vedtak:**

Anja Marken (MDG) får fritak for dei politiske verva sine i Samnanger kommune frå og med mai 2018 og ut valperioden 2015 – 2019, som følgje av utflytting til annan kommune. Dette gjeld verva som medlem i naturutvalet og første varamedlem i kommunestyret.

Første varamedlem Gunn Østvik Petersen (A) går inn som medlem i naturutvalet i den perioden Anja Marken har fritak. Dei andre varamedlemmene til naturutvalet frå A og MDG rykkjer opp ein plass på vara-lista i den perioden Anja Marken har fritak.

MDG sine øvrige varamedlemmer til kommunestyret rykkjer opp ein plass på partiet si vara-liste i den perioden Anja Marken har fritak.

Vedtaket er gjort med heimel i reglane i §§ 15 og 16 i kommunelova.

**Rådmannen sitt framlegg til vedtak:**

Anja Marken (MDG) får fritak for dei politiske verva sine i Samnanger kommune frå og med mai 2018 og ut valperioden 2015 – 2019, som følgje av utflytting til annan kommune. Dette gjeld verva som medlem i naturutvalet og første varamedlem i kommunestyret.

Første varamedlem Gunn Østvik Petersen (A) går inn som medlem i naturutvalet i den perioden Anja

Marken har fritak. Dei andre varamedlemmene til naturutvalet frå A og MDG rykkjer opp ein plass på vara-lista i den perioden Anja Marken har fritak.

MDG sine øvrige varamedlemmer til kommunestyret rykkjer opp ein plass på partiet si vara-liste i den perioden Anja Marken har fritak.

Vedtaket er gjort med heimel i reglane i §§ 15 og 16 i kommunelova.

**Dokument som er vedlagt:**

Søknad fritak politiske verv

**Dokument som ikkje er vedlagt:**

Kommunelova, Kommentarutgåve til kommunelova

**Kva saka gjeld:**

Anja Marken frå Miljøpartiet Dei Grøne (MDG) søker om fritak frå dei politiske verva sine i Samnanger kommune, frå mai 2018 og ut den resterande valperioden (til hausten 2019). Årsaka er at ho har fått jobb i Aurland kommune, og kjem til å melda flytting dit i mai 2018.

Anja Marken har følgjande politiske verv i Samnanger kommune:

- Første varamedlem i kommunestyret
- Fast medlem i naturutvalet

Vedtaksmynne i denne saka ligg til kommunestyret.

**Vurderingar og konsekvensar:**

Valbarheit til folkevalde organ

Reglar om valbarheit til folkevalde organ står mellom anna i § 15 nr. 1 i kommunelova:

*«Den som taper valgbarheten til et folkevalgt organ i valgperioden, trer endelig ut av dette. Hvis tap av valgbarhet skyldes registrert utflytting fra kommunen eller fylkeskommunen for to år eller mindre, trer vedkommende ut av vervet for den tid utflyttingen varer».*

I boka «Kommuneloven med kommentarer» (Overå og Bernt, Kommuneforlaget 6. utgåve 2014), står det på side 125 mellom anna følgjande kommentar til § 15 nr. 1:

*«Dersom vedkommende blir registrert tilbakeflyttet i løpet av en toårsperiode etter registrert utflytting, følger det imidlertid av § 15 nr. 1 andre setning at han/hun trer inn i vervet igjen.»*

På bakgrunn i reglane i kommunelova § 15 nr. 1, vil det vera rett at Anja Marken trer ut av sine politiske verv i Samnanger kommune frå og med mai 2018 og ut valperioden. Dersom ho melder flytting tilbake til Samnanger før utløpet av valperioden, vil ho har rett og plikt til å tre inn i verva igjen.

Opprykk og nyval i kommunestyret

Reglar om opprykk og nyval i kommunestyret står i § 16 nr. 2 i kommunelova:

*«Hvis medlemmer av kommunestyret eller fylkestinget trer endelig ut eller får varig forfall, trer varamedlemmer fra vedkommende gruppe inn i deres sted i den nummerorden de er valgt hvis organet er valgt ved forholdsvalg. Er et kommunestyre valgt ved flertallsvalg, trer varamedlemmer inn i den nummerorden de er valgt.»*

Permisjon/fritak for Anja Marken vil ikkje føra til endringar i faste medlemmer i kommunestyret, fordi ho berre er varamedlem der. MDG sine andre varamedlemmer til kommunestyret vil i praksis «rykka opp» ein plass på MDG si vara-liste dersom Anja Marken får permisjon/fritak.

#### Opprykk og nyval i naturutvalet

Reglar om opprykk og nyval i andre folkevalde organ enn kommunestyret står i § 16 nr. 3 i kommunelova:

*«Dersom et medlem av et annet folkevalgt organ enn kommunestyre og fylkesting, kommunestyrekomité og fylkestingskomité, trer endelig ut, velges nytt medlem, selv om det er valgt varamedlem. Organet skal suppleres frå den samme gruppe som den uttredende tilhørte. Viser det seg at denne fremgangsmåten fører til at et kjønn vil bli representert med mindre enn 40 prosent av medlemmene i organet, skal det så langt som mulig velges nytt medlem fra det underrepresenterte kjønn.»*

Det må først takast stilling til om Anja Marken sitt fritak frå kommunale verv er år rekna som «å tre endeleg ut». I boka «Kommuneloven med kommentarer» (side 132-133) blir det argumentert for at fritak på grunn av utflytting frå kommunen i ein del tilfelle vil vera naturleg å rekna å «tre endeleg ut». Dersom Samnanger følgjer dette «rådet» i Anja Marken si sak, skal det veljast ny fast medlem i naturutvalet (erstattar for Anja Marken). Den nye faste medlemmen må då vera frå «den same gruppen» som Anja Marken tilhører. På side 133 i boka «Kommuneloven med kommentarer» står det at «med gruppe menes ikke her nødvendigvis de grupper eller partier som har opptrådt ved kommunestyrevalget, me de grupper som er dannet i anledning av eller har opptrådt ved valget av formannskapet/fylkesutvalet og nemndene». Dette betyr at den nye medlemmen må vera frå MDG eller Arbeiderpartiet (A), fordi desse to partia danna ei gruppering ved valet av medlemmer til naturutvalet hausten 2015. Dersom kommunen vel dette alternativet, er det viktig å vera merksam på at Anja Marken vil ha rett og plikt til å tre inn igjen som fast medlem i naturutvalet dersom ho melder flytting tilbake til Samnanger i løpet av valperioden. Den nye faste medlemmen frå MDG vil i så fall måtte tre ut igjen.

Alternativet til løysinga i avsnittet ovanfor, vil vera at noverande første varamedlem i naturutvalet for grupperinga Arbeiderpartiet og MDG - Gunn Østvik Petersen (A) - trer inn som medlem i naturutvalet i den perioden Anja Marken har permisjon/fritak. Dette alternativet skal nyttast dersom Anja Marken sitt fritak frå verv i naturutvalet vert rekna som permisjon/mellombels fritak.

#### Oversikt valde medlemmer og varamedlemmer til naturutvalet 2015-2019

Faste medlemmer	Varamedlemmer i rekkefølge
<b>Bygdalista, Framstegspartiet og Senterpartiet:</b> Karl B. Kollbotn (Frp) – <b>leiar</b> Jon Magne Boeveik (Frp) – <b>nestleiar</b> Anja Elisabeth Gjerde Markhus (Bl) Martin Haugen (Bl) Ingvild Raftevoll Boeveik (Frp)	Arne Jørgensen (Sp) Svein Tore Drevesjø (Bl) Marta Fossdal (Bl) Norvald Gjerde (Frp) Ingrid H. Røen (Sp)
<b>Arbeiderpartiet og Miljøpartiet dei grøne:</b> Vidar Tveiterås (A) Anja Marken (Mdg)	Gunn Østvik Petersen (A) Øyvind Strømmen (Mdg) Roger Gjerde Urås (A) Marianne Foss Borge (A)
<b>Høgre:</b> Sture Tveit (H)	Eva Hellevang (H) Kjell Roar Nordvik (H)
<b>Kristeleg folkeparti:</b> Gunn Totland Moss (Krf)	Kristian Jørgensen (Krf) Tyra Pedersen (Krf)

#### Tilråding frå rådmannen

Rådmannen tilrår at Anja Marken får permisjon/fritak frå sine kommunale verv i perioden frå og med mai 2018 og ut valperioden 2015 – 2019.

På grunn av at det er mindre enn to år igjen av valperioden 2015 – 2019, tilrår rådmannen at Anja Marken sitt fritak ikkje vert rekna som at ho trer endeleg ut av verva, jf. reglar i kommunelova § 15 nr. 1.

Tilrådinga blir ut frå dette som følgjer:

*«Anja Marken (MDG) får fritak for dei politiske verva sine i Samnanger kommune frå og med mai 2018 og ut valperioden 2015 – 2019, som følgje av utflytting til annan kommune. Dette gjeld verva som medlem i naturutvalet og første varamedlem i kommunestyret.*

*Første varamedlem Gunn Østvik Petersen (A) går inn som medlem i naturutvalet i den perioden Anja Marken har fritak. Dei andre varamedlemmene til naturutvalet frå A og MDG rykkjer opp ein plass på vara-lista i den perioden Anja Marken har fritak.*

*MDG sine øvrige varamedlemmer til kommunestyret rykkjer opp ein plass på partiet si vara-liste i den perioden Anja Marken har fritak.*

*Vedtaket er gjort med heimel i reglane i §§ 15 og 16 i kommunelova.»*